

Ja til Søre Bjørnafjorden nasjonalpark

Vestland SV støtter utgreiing av Søre Bjørnafjorden nasjonalpark og ber om at området Reksteren og vestre Tysnesøy vert utgreidd som kandidat for nasjonalparkområde.

Fylkesmennene har fått i oppdrag frå Miljødirektoratet å komme med innspel til nye verneområder. Naturvernforbundet Hordaland har i den samanheng foreslått Søre Bjørnafjorden nasjonalpark.

Området Reksteren og vestre Tysnesøy oppfyller i høgaste grad kriteria for vern, til tross for at regjeringa eigentleg ikkje opna opp for vern av skog og marin miljø; det har fleire truga naturtypar som kystmyr og sumpskogar, ei rekke raudlista artar og boreonemorale regnskog globalitetar som er unike i verdssamanheng. Saman utgjer desse eit uvanleg rikt økosystem og dannar ein heilskap av høg verneverdi.

Intakte økosystem, og særskilt våtmarksområde, myr og naturskog, er viktige karbonlager. Dei reduserer også skadeverknadane av flaum fordi dei absorberer enorme mengder vatn. Å ta vare på slike økosystem er derfor avgjerande både for å bremsa global oppvarming, men også for å handtera konsekvensar av oppvarminga som allereie har funne stad.

Statens vegvesen har i si konsekvensutgreiing av ny E39/Hordfast mellom anna sagt følgjande om området:

«Den store konsentrasjonen av viktige lokalitetar for naturmangfold gjer at området har ein viktig og nasjonal landskapsøkologisk funksjon.»

«Størst verdi landskapsøkologisk sett har området mellom Reksteren og Nese. Dette området er eit unikt kystnært furuskogområde med boreale lauvskogar og blandingskogar, og med innslag av edellauvskogar, hagemarkar og naturbeitemarkar. Området er og lite påverka av menneskeleg aktivitet.»

Tilsvarande har Fylkesmannen i sin høyringsuttale om Hordfast sagt følgjande:

«Både på Stord og i Os er det registrert viktige naturførekommstar, men området Reksteren-Nese på Tysnes er i ei særstilling. Området har ein sjeldan høg konsentrasjon av boreonemoral regnskog i tillegg til andre svært viktige naturførekommstar som er ein del av eit større samanhengande skogområde.» og peikar i same fråseguna på at området inneheld naturtypar som me har eit særleg internasjonalt forvaltingsansvar for, jf. naturmangfaldlova § 10.

Ytre Oslofjord og Agder- og Telemarkskysten har fått fire nasjonalparkar som vernar verdifull kystnatur. På Vestlandet er det berre fjellområde som er gitt nasjonalparkstatus. Ein nasjonalpark på Reksteren og Vestre Tysnesøy vil vera eit svært godt val som den første nasjonalparken i sitt slag på Vestlandet.

Vestland SV støtter derfor Naturvernforbundet Hordaland i at naturverdiane me finn på Reksteren og vestre Tysnesøy, er så verdifulle og sjeldne at dei av omsyn til naturmangfold og klima må vernast som Søre Bjørnafjorden nasjonalpark.